



## Austevoll kommune

Arkivsaknr: 2024/2550-1  
Saksbehandlar: Bjørn Christian Bjånesøy  
Avdeling: Oppvekst, kultur og fritid

### SAKSFRAMLEGG

Revisjon av Forskrift for SFO i Austevoll kommune gjeldande frå januar 2025

#### Utval

---

Utval for  
oppvekst,  
skule og  
kultur

#### Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

- Utval for oppvekst, skule og kultur vedtar å sende på høyring reviderte vedtekter for SFO ved grunnskulane i Austevoll.
- Høyringspartar er Selbjørn skule og Storebø skule, organisasjonane og skulane sine rådsorgan, representert ved FAU og SU. Andre som ønsker å uttale seg om framlegget til reviderte vedtekter, kan òg gje høyringsuttale.
- Høyringsfrist er fredag 15.november 2024

#### Politisk behandling

Saka skal innstilling i utval for oppvekst, skule og kultur,

Endeleg vedtak i saka blir fatta av utval for oppvekst, skule og kultur

## **Kort samandrag**

Kommunedirektøren ønsker å få vedtektsfesta gratis kjernetid også for 3. trinn i reviderte vedtekter for SFO, samt endringar i opningstider i jule- og påskeferie.

Erfaringane er at SFO er lite nytta i jule- og påskeferien, og ein reduserer personalkostnadene noko ved å halde stengt i desse feriane.

## **Saksopplysningar**

### **Bakgrunn**

Vedtektene for SFO ved grunnskulane i Austevoll vart vedteke i møte i kommunestyret i sak 88/23 den 15.juni 2023.

Sidan dette er det vedteke gratis kjernetid for 3.trinn i tillegg til 1. og 2.trinn. Det er og kome ny opplæringslov med verknad frå 01.08.24

### **Vurdering**

Kommunedirektøren har revidert vedtektene i tråd med rammeplan for SFO og forskrift til opplæringslova. Vedtaket om 12 timar gratis SFO for 3. trinn er også lagt inn i reviderte vedtekter.

Kommunedirektøren ønsker å få vedtektsfesta både redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid for 3. trinn i reviderte vedtekter for SFO. Det same gjeld opningstider i feriar.

Vedtektene skal vedtakast i form av ein lokal forskrift jf. forvaltingslova § 2, og publiserast på Lovdata. Forslag til endringar i vedtektene skal sendast på høyring i tråd med forvaltingslova § 37 og endeleg godkjennast i kommunestyret etter at høyringa er

## **Kommunedirektøren si tilråding**

Kommunedirektøren rår til å legge reviderte vedtekter på høyring. Høyringspartar er Selbjørn skule og Storebø skule, organisasjonane og skulane sine rådsorgan, representert ved FAU og SU. Andre som ønsker å uttale seg om framlegget til reviderte vedtekter, kan òg gje høyringsuttale. Høyringsfrist er fredag 15.november 2024

### **Vedlegg**

- 1 Framlegg til Forskrift for SFO i Austevoll kommune gjeldande frå januar 2025
- 2 LOVDATA -Forskrift for SFO i Austevoll kommune gjeldande frå august 2023 vedteke i KST 15.06.23 i sak 088-23